



Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Sogndal
Dato: 04.04.2024
Tidspunkt: 14:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøte vert gjennomført i etterkant av oppstartsamling for nye nasjonalpark- og verneområdestyre 3. og 4. april i Sogndal.
Merk at vi har noko kort tid på dette møtet.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 4/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 5/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Konstituering av styre for 2024-2027		2019/2581
ST 6/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - delegeringsreglement		2019/2581
ST 7/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - møteplan for 2024		2019/2581
RS 1/24	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2024		2019/2581
ST 8/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fleirårig løyve til transport av saltstein og forsyningar - Naustdal og Førde saueeigarlag		2024/2643
ST 9/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fleirårig løyve til bruk av motorbåt på Langedalsvatnet - Mardal og Fitje sankelag		2024/1767
ST 10/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om løyve til å bruke vegar i Traudalen - Rygg og Grov Sameige		2020/7709
ST 11/24	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Fordeling av tiltaksmidlar for 2024		2019/4173
ST 12/24	Eventuelt		

ST 4/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Arkivsaksnr: 2019/2581-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 19.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/24	04.04.2024

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Konstituering av styre for 2024-2027

Innstilling frå forvaltar

Verneområdeforvaltar har ikkje framlegg i saka.

Saksopplysningar

Nye styrerepresentantar til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre, med personlege vara, er utnemnd av Miljødirektoratet. Representantane kjem frå Gloppen kommune, Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune.

Styret skal konstituere seg sjølv. Det skal veljast styreleiar, nestleiar og eventuelt arbeidsutval.

a. Val av styreleiar

Styret skal velje styreleiar. Oppgåvene som ligg til styreleiarvervet:

- Leie styremøta
- Vere forvaltar sin overordna
- Planlegge styremøte saman med forvaltar
- Representere styret i ulike samanhengar

Styreleiar har dobbeltrøyst ved likt stemmetal i styret. (Lite aktuelt når det er berre tre i styret). Styreleiar får leiargodtgjerdsle i møta, som er noko høgare enn godtgjerdsle til andre styremedlemmer.



b. Val av nestleiar

Styret skal velje nestleiar. Nestleiar fungerer som leiar og har leiar sine oppgåver når leiar ikkje er til stades.

c. Val av eventuelt arbeidsutval

Styret kan velje arbeidsutval. Det er lite aktuelt i eit styre med berre tre representantar.



Arkivsaksnr: 2019/2581-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 19.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/24	04.04.2024

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - delegeringsreglement

Innstilling frå forvaltar

Verneområdeforvaltar har ikkje framlegg i saka.

Saksopplysningar

Styret har høve til å delegere mynde til forvaltar i enkelte saker. Dette står omtala i vedtektene til styret:

Styret kan gje forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurant karakter er meint følgjande:

Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskrifta om ferdsle og motorferdsle.

Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.*
- b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis fra saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.*
- c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.*



Ved tvil skal forvalter drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Erfaringane med å delegere mynde er gode. Det kan gå fleire månader mellom styremøta og nokre av sakene som dukkar opp er «hastesaker». Særleg gjeld dette motorferdsel. Vi sparar og tid i styremøta når ein slepp å handsame mange kurante og enkle saker.

Delegeringsvedtaket som har vore gjeldande til no er slik:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev forvaltar mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter.

Med kurant karakter er meint følgjande:

- *Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføresegnene i verneforskriftene om ferdslø og motorferdslø.*
- *Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskriftene og*

etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.*
- b) Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarande sak.*
- c) Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet.*

Forvaltaren sitt delegerte mynde gjeld berre eittårige løyve. Eventuell forlenging til fleirårige løyve kan berre gjerast av verneområdestyret.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegert vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret.

Handsaming i møte:

Styret må vurdere:

- om det skal delegerast vedtaksmynde
- kva type saker det i so fall skal delegerast mynde i
- vilkår for delegerte vedtak

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/24	04.04.2024

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - møteplan for 2024

Innstilling frå forvaltar

Verneområdeforvaltar har ikkje framlegg i saka.

Saksopplysningar

Handsaming i møte:

Verneområdestyret bør sette opp møteplan for resten av 2024. Det å sette ein møteplan no og få datoane sett av i kalenderen vil gjere det enklare å få gjennomført møta og få tilfredsstillande oppmøte. Det er særleg viktig i eit so lite styre. Erfaring syner at det er sær sarskeleg å finne datoar der alle kan når vi kjem i gang med året.

Nedanfor her er det sett opp aktuelle datoar for dei resterande møta. Det er då teke omsyn til møtekalenderane til kommunane og fylkeskommunen, inkludert relevante utval. Det er og teke omsyn til verneområdeforvaltar sin kalender.

Styremøte 1/2024

Vart gjennomført som e-postmøte med det førre styret 31.01.2024

Styremøte 2/2024

Vert gjennomført 4.april kl 14.00 i Sogndal i samband med Oppstartsamling.

Styremøte 3/2024

I mai/juni. Kan gjerne kombinerast med synfaring.

Aktuelle datoar:

21. mai	3. juni	24. juni
22. mai	4. juni	25. juni
23. mai	6. juni	26. juni
24.mai	17. juni	27. juni
27.mai	20. juni	28. juni
31.mai	21. juni	

Styremøte 4/2024

Ofte i september. Kan kombinerast med synfaring.

Aktuelle datoar:

2. sept	16. sept	24. sept
3. sept	17. sept	25. sept
9. sept	19. sept	27. sept
10. sept	20. sept	30. sept
12. sept	23. sept	

Styremøte 5/2024

Slutten av november eller starten av desember. Innandørs møte, gjerne med middag.

Aktuelle datoar:

18. nov	28. nov	5. des
19. nov	29. nov	9. des
22. nov	2. des	10. des
25.nov	3. des	
26.nov	4. des	



Arkivsaksnr: 2019/2581-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 19.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	1/24	04.04.2024

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 2/2024

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande

- **Delegert vedtak**
Naustdal og Førde saueeigarlag fekk i februar løyve til transport av saltstein og forsyningar. Det løyvet gjeld berre for 2024, so vert saka om fleirårig løyve handsama av styret.
- **Ny rammeavtale for arbeid i og rundt verneområda 2024-2027**
Den gamle rammeavtalen for arbeid i og rundt verneområdet gjekk ut ved nyttår. Verneområdeforvaltar og Statsforvaltaren har hatt ny rammeavtale ut på anbod. Avtalen gjeld både Naustdal-Gjengedal LVO og ÅlfotbreenLVO. Det kom inn fire tilbod, og alle var kvalifiserte. Etter ei god vurdering vart det skriven avtale med tre av leverandørane, Gravdal Skog & Hageservice AS, Bygdeservice AS og Landskapsservice AS. Avtalane vil gjelde for to år med opsjon om to nye år etter det.
- **Driftsbudsjett for verneområdestyret i 2024**
Verneområdestyret har fått tildelt kr 90.000 til drift av styret i 2024. Det skal dekke alle møtekostnader, godtgjerdsle og oppstartsamlinga i Sogndal 3.-4.april. Normalt sett vil dette vere dekkande, men vi har ikkje rom for andre samlingar, turar eller innkjøp.



- **Grunnstøtte**

Frå i år av får vi ei ny tildeling frå Miljødirektoratet, nemleg grunnstøtte til drift og vedlikehald av infrastruktur og anlegg. Støtta er fordelt mellom alle nasjonalpark- og verneområdestyre etter ein nøkkel. Naustdal-Gjengedal har fått 50.000 av desse midlane i 2024.

Styret står ganske fritt til bruken av desse, men tanken er at dei skal gå til drift og vedlikehald av tidlegare investeringar i infrastruktur og anlegg.

- **Revidering av forvaltningsplan**

Arbeidet med revidering av forvaltningsplan går sakte men sikkert framover. Forvaltar har vore på eit informasjonsmøte med grunneigarane på Sørstranda i Gloppen, og vi har fått inn eit samla innspel til prosessen frå dei.

So har forvaltar møtt på tekniske utfordringar med den nettbaserte løysinga til Miljødirektoratet som planen skal skrivast i.

Forvaltningsplanen vert ei større sak på neste styremøte.



Arkivsaksnr: 2024/2643-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 26.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	8/24	04.04.2024

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fleirårig løyve til transport av saltstein og forsyningar - Naustdal og Førde saueeugarlag

Innstilling frå forvaltar

Naustdal og Førde saueeigarlag får løyve til å transportere saltstein, gjerdemateriell og andre forsyningar frå Vonavatnet og inn til Yste Longevatnet, og forsyningar til hytta ved fosselvekråa. Løyvet gjeld ein tur med to beltekøyretøy i perioden 1.februar til 31.mars, i åra 2025 til 2028. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3 b og e.

Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under køyring.
- Statens naturoppsyn (sms til 975 95 102) skal varslast før køyring tek til.
- Det skal ikkje køyrast på heilagdag, eller på søndag mellom kl 10 og 18.
- Det skal ikkje køyrast nærmare reinsdyr enn 500 m.
- Etter at køyringa er gjennomført skal det sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltar.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om skuterkøyning frå Naustdal og Førde Saueeigarlag
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Søknaden

Naustdal og Førde Saueeigarlag har behov for saltsteinar og gjerdemateriell inn i beiteområdet sitt før beitesesongen tek til. I tillegg er det behov for nokre forsyningar til gjetarhytta dei nyttar ved Fosselvekråa.

Dei søker derfor om å få løyve til å køyre frå vinterparkeingsplassen nedanfor Vonavatnet og inn til Yste Longevatnet. Med om syn til tryggleik og praktiske tilhøve vil køyre med ein snøskuter og ein ATV med belte og slede. Dette er eit årleg behov, og dei søker derfor om løyve til å køyre denne transporten i månadane februar og mars i åra 2024 til 2029.

Regelverk

I utgangspunktet er motorferdsel forbode inne i verneområdet, jamfør verneforskrifta § 3, punkt 5.1. Men i følgje § 3, punkt 5.3 so kan forvaltingsstyresmakta gje dispensasjon frå dette forbodet i visse tilfelle, mellom anna transport av saltstein og forsyningar til hytter:

5.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

[...]

e) transport av varer til hytter og stølar

Forvaltingsstyresmakta har derfor heimel til å gje ein slik dispensasjon som Naustdal og Førde saueeigarlag søker om her.

All motorferdsel i utmark må vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark. Det er kommunen som handsamer denne lova. Ein må òg ha løyve frå grunneigar der kor ein køyrer, og alle grunneigarar har høve til å nekte ferdsel på sin grunn. Vidare skal køyrety skal vere registrert og i forskriftsmessig stand, og det skal nyttast hjelm under køyning.

Alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet skal, jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i §§ 8 – 12 i same lova.



Vurdering

Naustdal og Førde saueeigarlag har allereie fått løyve til køyring i 2024, frå verneområdeforvaltar med delegert mynde. Saueeigarlaget søkjer om eit fleirårig løyve, og det er det styret som kan gje. Delegeringa av vedtaksmynde gjeld berre for eittårige løyve. Vurderingane vil likevel stort sett vere dei same.

Det er mange dyr på beite i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og med det er det behov for noko transport av saltstein og diverse materiell inn i beiteområda. Dette er eit naturleg behov og forvaltninga har som praksis å kome desse behova i møte innan rimelege grenser. Kulturlandskapet og tilhøyrande beitelandskap er ein del av verneføremålet, og det er ønskjeleg at beitebruken vert halden på dagens nivå.

Naustdal og Førde saueeigarlag søkjer om å få køyre ein tur med to køyretøy, ein snøskuter og ein ATV med belte. So lenge ein ATV har belte vert den definert som beltekøyretøy og er då innanfor det som forvaltninga kan gje løyve til. Det er og naturleg ut i frå både praktiske omsyn og tryggleik at dei brukar to køyretøy på ein slik transport. Då klarar dei seg og med ein tur med to køyretøy, i staden for fleire turar med eitt. Det reduserer og tida med støy og aktivitet i området, noko som er positivt.

Det vert søkt om å køyre i februar og mars. Det er normalt beste tida dår å få gjennomført denne typen transportar. Av og til er det gode tilhøve i april og, men då kan ein kome i konflikt med kalvingstida for rein. Det er og lettare for å kome i konflikt med turaktivitet når ein kjem ut i april månad.

Saueeigarlaget søkjer om eit fleirårig løyve. Det har dei ikkje hatt før, men dei ser no at dei har eit jamleg behov kor eit fleirårig løyve vil vere praktisk og spare arbeid for alle partar. Verneområdeforvaltar er samd i den vurderinga. Verneområdestyret har som praksis å gje løyve for inntil fire år, sidan det er lengda på ein styreperiode. Sidan saueeigarlaget allereie har fått eit løyve for 2024, so vil fleirårig løyve vere aktuelt frå 2025, og fram til maksimalt 2028.

Beiteområda ligg innafor leveområdet for villreinen i Førdefjellastammen, og traseen det er søkt om å køyre ligg innanfor det som er definert som kalvings- og beiteområde. Villreinen er ein art med store utfordringar i leveområda sine, og forvaltninga er opptatt av å unngå unødig uro og meir press på villrein. Vi unngår derfor motorferdsel innafor kalvings- og oppvekstområda frå 1.april til ut i juni månad. Her er ikkje det noko problem, då det er søkt om å køyre i februar og mars.

Vonaområdet er sær s populært utfartsområde for friluftsliv, og særleg i tida i og rundt påske. Vi bør derfor unngå støy frå motorferdsel dei mest populære utfartsdagane og då særleg heilagdagane. Det er då fornuftig å sjå til lov om heilagdagsfred og føringane der.

Utover villreinen kjenner vi ikkje til sårbare verdiar som kan verte negativt påverka. Dette er eit område som forvaltninga er godt kjende i og kor vi har lang erfaring frå ulike typar saker. Kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er sær godt. So lenge dei naudsynte omsyn til villrein vert teke, kjem ikkje føre-var-prinsippet i nml § 9 i bruk.



Omfanget av motorferdsel i området er kjent og ganske lågt. Samla belastning av dette tiltaket og eventuelle framtidige løyve (jamfør nml § 9) er innanfor det som er akseptabelt. Bruk av snøskuter er den mest skånsame metoden å få gjennomført transporten av saltstein, og nml § 12 er derfor oppfylt.

Nml § 11 er ikkje aktuell i saka.



Arkivsaksnr: 2024/1767-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 19.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	9/24	04.04.2024

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om fleirårig løyve til bruk av motorbåt på Langedalsvatnet - Mardal og Fitje sankelag

Innstilling frå forvaltar

Mardal og Fitje sankelag får løyve til å nytte båt med motor på Langedalsvatnet i samband med tilsyn, sanking og anna oppfølging av beitedyr. Løyvet gjeld for inntil 60 turar t/r Fitjestøylen totalt i perioden 2024-2027. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.b).

Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med når det blir brukt.
- Løyvet gjeld for perioden 1.mai til 30.november i åra 2024-2027.
- Løyvet kan berre nyttast i tilknytning til beitebruk.
- Kwart år skal det sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltaren om kor mange turar som er køyrt det året.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om fleirårig løyve til motorferdsel frå Mardal og Fitje sankelag
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Tidlegare løyve til bruk av motorbåt

Søknaden

Mardal og Fitje sankelag har sau på beite frå Fitjestøylen i inste enden av Langedalsvatnet og innover Langedalen og i fjella rundt. Dei er avhengige av å bruke båt med motor på den lange og smale Langedalsvatnet i samband med tilsyn, sanking og anna oppfølging av beitedyra gjennom heile beitesesongen.

Sankelaget søker derfor om å få bruke båt med motor på Langedalsvatnet i beitesesongen frå 1.mai til 30.november. Dei søker om eit løyve som kan gjelde i fire år, altso 2024-2027. I søknaden søker dei om 30 turar kvart år, og oppgjer at tal turar kan variere frå sesong til sesong.

Verneforskrift og regelverk

Det er i utgangspunktet forbode med motorisert ferdsel i landskapsvernområdet. Men forvaltningsstyresmakta kan i visse tilfelle gje dispensasjon frå forbodet, mellom anna til transport i samband med beitebruk. Dette står i verneforskrifta sin § 3 pkt. 5.3 b):

§ 3 Vernereglar

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Transport i samband med tilsyn, sanking og anna oppfølging av beitedyr legg vi her under definisjonen «...og liknande for husdyr på beite». Forvaltningsstyresmakta har altso heimel til å gje ein slik dispensasjon som det er søkt om.

Søklar må sjølv syte for å ha naudsynte løyver frå andre instansar, til dømes løyve frå kommunen i tråd med lova om motorferdsel i utmark og på vassdrag, og løyve frå grunneigarar.

I tråd med § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle vedtak som kan ha innverknad på naturgrunnlaget, vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.



Vurdering

Beitedyr og beitebruk er viktig i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Kulturlandskapet er ein viktig del av verneføremålet og beiting må oppretthaldast om ein skal ta vare på kulturlandskapet. Forvaltninga har derfor som praksis å kome beitenæringa i møte når det gjeld deira behov for både motorferdsel og ulike anlegg, innanfor grensene som vernereglane set.

Langedalsvatnet er eit langt og smalt vatn. Det er ikkje so stort i areal, men det er langt. Det er om lag 3,8 km frå vegen i nordenden til Fitjestøylen i sørenden. Det er derfor særst forståeleg at sankelaget ønskjer å bruke motor når dei skal bruke båt på vatnet. Bruk av båt er dessutan ein særst skånsam måte å forflytte seg og transportere på, sjølv når ein brukar motor.

Det er viktig at eit løyve til sankelaget er knytt opp mot beitebruk og behova som er knytt til det. Det kan vere lett å tenke at eit løyve er eit løyve og at det kan nyttast til andre ting og, som rekreasjon, fiske, transport av bagasje eller i samband med byggearbeid. Det kan det ikkje, då må det søkast om for seg. Det bør og presiserast at det i utgangspunktet ikkje vert gjeve løyve til motorferdsel i samband med rekreasjon, fiske eller transport av ordinær bagasje.

Sankelaget søkjer om inntil 30 turar kvart år over fire år. Det er eit ganske stort omfang og ein vesentleg auke frå tidlegare løyve. I det førre løyve som gjeldt frå 2020-2023 var det inntil 10 turar (tur/retur) per år. Forvaltninga har ikkje oppfatta at det har vore for lite, i so fall burde det kome fram gjennom årleg rapportering. Det verkar derfor litt voldsomt å tredoble antal turar i løyvet. Sankelaget presiserer at behovet kan variere frå eit år til eit anna, og det er eit godt poeng. Ei løysing kan derfor vere å gje eit løyve på eit visst tal turar for heile fireårsperioden. Om det skulle vise seg å vere for lite, so får sankelaget sende ein søknad om utviding.

Perioden det er søkt om, 1.mai til 30.november, er nok fornuftig. Det er nok litt lenger enn ein normal beitesesong, men det er samstundes greitt å ha høve til å ordne ting både rett før og etter beitedyra vert slept og sankt. Det er fornuftig med fleirårig løyve, og fire år er det som er mest vanleg å gje løyve til.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saken er godt opplyst, jf. nml § 8. Forvaltninga er godt kjende i området. Ein har ikkje kjennskap til nokon natur- eller verneverdiar som kan verte negativt påverka av tiltaket. Det er snakk om eit avgrensa tal turar der motor skal nyttast og den motoriserte ferdsla i området er på eit minimum. Den samla belastninga av motorferdsel i området er derfor ikkje stor og godt innanfor det akseptable, jf. nml § 10. Eit løyve vil vere i tråd med etablert forvaltningspraksis, og ikkje skape problematisk presedens. Bruk av båt til transport er etter forvaltninga sitt syn den mest skånsame måten å transportere på jf. § 12, sjølv om det skjer ved hjelp av påhengsmotor.

Nml §§ 9 og 11 er ikkje relevante i denne saka.



Arkivsaksnr: 2020/7709-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 09.02.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	10/24	04.04.2024

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Søknad om løyve til å bruke vegar i Traudalen - Rygg og Grov Sameige

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev grunneigarane i Rygg og Grov sameige løyve til motorferdsel på vegane som går inn til nausta på begge sider av Traudalsvatnet. Løyvet er heimla i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for perioden 2024-2027.
- Løyvet gjeld berre for dei grunneigarane som har naustrett og/eller stølshus i Traudalen.
- Løyvet gjeld berre på traktorvegane, so langt som dei går i dag. Løyvet gjeld ikkje buføringsvegen som går innover på sørsida.
- Løyvet kan nyttast til transport av materialar, utstyr, reiskap og forsyningar til naust og stølshus. Det kan og nyttast til transport av båtar, og til motorferdsle i samband med vedlikehald av vegane.
- Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- All parkering skal skje utanfor verneområdet.



Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om å fornye løyve
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Løyve til å bruke vegar i Traudalen 2020-2023

Søknaden

Rygg og Grov Sameige søker om løyve til å bruke vegane som går inn til nausta på begge sider av elva og vatnet i Traudalen. Dei har behov for å nytte vegane for transport av båtar, av material og utstyr til vedlikehald av nausta og til transport av material, utstyr og forsyningar som skal fraktast med båt innover på vatnet til Dalsbøen. Sameiga søker om fornya løyve til å bruke vegane for perioden 2024-2028, på same vilkår som tidlegare løyve.

Regelverk

I følgje verneforskrifta for landskapsvernområdet er motorferdsel forbode i området. Der er heller ikkje nokon heimel i verneforskrifta for å gje dispensasjon til køyring på barmark. Ein kan derfor ikkje gje eit slikt løyve som er søkt om med heimel i verneforskrifta.

Derimot so kan ein gje dispensasjon frå vernevedtak med heimel i naturmangfaldlova (nml) § 48, fyrste ledd:

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I saker som skal vurderast etter nml § 48, må ein først vurdere om føresetnadane for å bruke denne paragrafen er oppfylte. Dersom dei er oppfylt og først då, kan ein vurdere sjølv spørsmålet om dispensasjon skal gjevast.

I tråd med § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle vedtak som kan ha innverknad på naturgrunlaget, vere i tråd med nml §§ 8-12.

Vurdering

For at det skal kunne gjevast dispensasjon etter nml § 48, må nokre krav oppfyllest. Tiltaket må ikkje stride mot vernevedtaket sitt føremål eller påverke verneverdiane nemneverdig. I dette tilfellet er det snakk om bruk av eksisterande vegar over korte strekningar. Vegane er bygd og dimensjonert for denne bruken og bruk av vegane vil ikkje føre til skade på naturmiljø eller landskap. Det står heller ikkje noko i føremålsparagrafen i verneforskrifta § 2 som kjem i konflikt med det tiltaket det er søkt om.

§ 2. Formål

Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Krava i nml § 48 er oppfylte, og søknaden kan handsamast etter den paragrafen.

Som kartutsnittet nedanfor syner, so går det veg inn til nausta på begge sider av vatnet. Og begge vegane går inn forbi grensa til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde (grøn strek). På nordsida går vegen inn til nausta, om lag 150 m inn i verneområdet. På sørsida går vegen på baksida av naustrekka og inn til dei inste nausta, om lag 200 m inn i verneområdet. Der startar og driftevegen/støylsråsa som går vidare innover mot Dalsbøen.



Vegane vart bygde før området vart verna. Det er litt uklart kvifor desse vegane vart tekne med i verneområdet og kvifor dei ikkje er omtala i verneforskrifta. I kongeleg resolusjon står naustmiljøa omtala, men ikkje vegane. Vi har derfor lite anna å støtte oss på enn ei skjønsmessig vurdering.



Motorisert ferdsle skal avgrensast til det som er naudsynte føremål og i eit omfang som er so lågt som mogeleg. Men det skal samstundes vere høve til å nytte verneområdet til bruk som ikkje er i strid med verneføremålet eller verneverdiane, og det fører stundom med seg motorferdsel i avgrensa omfang.

Når det her er snakk om å nytte eksisterande vegar som er bygde og dimensjonerte for den bruken, so vil aktiviteten normalt sett ikkje føre til skade eller slitasje. Vi må og sjå på om bruk av desse vegane kan føre til meir motorferdsel eller anna problematisk aktivitet innover i verneområdet, altså indirekte skade eller slitasje. Men det er heller ikkje tilfelle. Vi har og sær få vegar i verneområdet (2 til i tillegg til desse) slik at eit løyve her fører ikkje til problematisk presedens.

Det er likevel slik at motorferdsel bør avgrensast og ikkje gjerast meir omfattande eller meir synleg enn den treng å vere. Motorferdsla bør avgrensast til dei tilfella der det er heilt naudsynt å køyre heilt inn til nausta, som ved transport av båtar til naust eller vatn, transport av utstyr og forsyningar som skal fraktast vidare innover på vatnet og transport av materialar og utstyr. Parkering bør skje utanfor verneområdet. Det bør ikkje vere naudsynt med rein persontransport på desse vegstubbane.

Sameiga har søkt om løyve for perioden 2024-2028, altså fem år. Verneområdestyret har som praksis å ikkje gje løyve for lenger periode enn ein styreperiode, som er fire år.

Kunnskapsgrunnlaget i denne saken er godt opplyst, jf. nml § 8. Verneområdeforvatninga er godt kjend i området og ein har ikkje kjennskap til nokon naturverdiar som kan verte negativt påverka av tiltaket. Det er snakk om bruk av eksisterande veg og vil ikkje påverke terrenget rundt i særleg grad. Ein verknad av tiltaket som *kan* verte oppfatta som negativt er støy, men den vert vurdert til å vere innanfor det akseptable. Kunnskapsgrunnlaget er godt, og føre-var-prinsippet i nml § 9 treng ikkje vektleggast i denne saka.

Den samla belastninga av tiltaket vert innanfor det akseptable jf. nml § 10. Det er snakk om ein sær liten auka i motorferdsel i høve til dagens situasjon. Det vil og verte lagt vilkår til eit eventuelt løyve som avgrensar motorferdsla til berre naudsynte behov.

I og med at det er snakk om bruk av eksisterande veg, so er det ikkje forventa at tiltaket kan føre til miljøskade, og det er den mest skånsame løysing for natur og terreng. Derfor er ikkje §§ 11 aktuell i saka, og § 12 er oppfylt.



Arkivsaksnr: 2019/4173-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 19.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	11/24	04.04.2024

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Fordeling av tiltaksmidlar for 2024

Innstilling frå forvaltar

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag (totalt)	Fordeling av midlar
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	20 000	20 000
2	Skjøtsel Sandstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000	50 000
3	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000	50 000
4	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000	50 000
5	Skjøtsel Gimmestadstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000	50 000
6	Skjøtsel Nesstøylen/ Kandalsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000	50 000
7	Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	5 000	0
8	Remerking av stiar	Midtre Nordfjord turlag driv med remerking av stiar i landskapsvernområdet.	30 000	30 000



9	Vedlikehold av kloppar	Verneområdestyret har det siste tiåret brukt store summer på klopplegging. Dette har vore gode og velkomne tiltak. No ser vi at det er behov for noko vedlikehold og reperasjonar på enkelte stader.	50 000	20 000
10	Fjerning av ikkje-ynskte artar	Fjerne førekomstar av gran i landskapsvernområdet, både plantefelt og mindre førekomstar.	200 000	130 000
11	Innkjøp av kloppar	Innkjøp av material til kloppar som skal brukast primært til Nibberåsa i Traudalen, eventuelt andre kloppeprosjekt og vedlikehold.	100 000	50 000
12	Driftevegen i Traudalen	Utbetring av støylsråd i Traudalen i forlenginga av driftevegen.	50 000	50 000
13	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar. Primært ei plassering sentralt i Førde.	50 000	50 000
Total søknadssum			755 000	600 000

Vilkår for tiltaksmidlane:

- Status på tiltak og bruk av tiltaksmidlar skal orienterast om på kvart styremøte.
- Inntil kr 20.000 kan flyttast mellom tiltak av verneområdeforvaltar undervegs i året. Større omfordeling skal godkjennast av styreleiar.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidlar for 2024
- Tildeling av tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet

Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre får kvart år ei tildeling med tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Midlane er statlege investeringsmidlar frå post 1420.31 i statsbudsjettet. Kort fortalt skal midlane nyttast til tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid, og i tråd med retningslinjer og føringar frå direktorat og departement.



Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sette opp ei prioritert bestilling av midlar på siste møtet i 2023. Styret søkte om totalt 755.000. Lista vart sendt til Miljødirektoratet som har gått gjennom alle tiltaka og vurdert dei opp mot postføremål og føringar. Det mest vanlege er at direktoratet vurderer kva tiltak som er innanfor og utanfor postføremålet, og at verneområdestyret får ein «pott» med midlar til fordeling blant dei tiltaka som er vurdert som innanfor postføremålet. Det er og vanleg at tildelinga er mindre enn søknaden, og at styret derfor må fordele og prioritere dei midlane dei får.

Tildeling

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har fått 600.000 i tiltaksmidlar i 2024. Alle tiltaka på lista er vurdert til å vere innanfor postføremålet og kan derfor tildelast midlar.

I tillegg har styret fått 50.000 i driftsmidlar som kan nyttast til vedlikehald og reperasjon på infrastruktur.

Handsaming i møte

Styret må fordele og eventuelt prioritere dei tildelte midlane for 2024. Midlane kan fordelast mellom alle tiltaka som står på lista i søknaden. Vi har fått 600.000, som er ein del mindre enn dei 755.000 vi søkte om. Styret må derfor prioritere og «spare inn» 155.000. Det kan styret gjere ved å kutte ut tiltak i sin heilskap, redusere tildeling ut i frå kostnadsoverslag på det enkelte tiltak, eller med ein kombinasjon av desse. Styret kan og flytte midlar frå eit tiltak til eit anna om det er behov for det. Styret kan og auke opp tildeling til tiltak dersom det er behov for det eller nokon satsingar skal styrkast.

I søknaden om tiltaksmidlane vart tiltaka prioritert med unik prioritering. Styret kan endre på prioriteringa dersom de vil.

I oversikta har eg sett opp eit forslag til fordeling. Eg har då kuttet i dei tiltaka som er enklast å kutte i, og dessutan kuttet i tiltak der vi kan nytte driftsmidlar i staden.

NB: I Traudalen (tiltak nr 12) har grunneigarane planer om eit større utbetningsprosjekt og har fått midlar frå utviklingsfondet. Det kan verte eit større prosjekt dersom verneområdestyret vil prioritere det og flytte over midlar frå andre tiltak.

ST 12/24 Eventuelt